

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7251-1

Skriv og melding fylkesrådet for eldre - møte 20. september 2018

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Vedtak frå Vestfold eldreråd
Fråsegn frå Gaular eldreråd om postordning
Uttalar frå landskonferansen 2018
Høyringsinnspel regional plan for klimaomstilling
Referat frå regionsamlinga for eldreråda i Sogn 29. mai 2018
Høyringsutkast til regional plan for kultur

Meldesak 1) Vedtak i sak om brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak – frå Vestfold eldreråd

Vestfold eldreråd handsama saka, «Brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak» den 18. april, der dei sluttar seg til forslaget frå Hedmark om å ei ny formulering av den siterte setninga i pkt. 5.1: «*For å ivareta de eldres særlige behov inviteres fylkeseldrerådene til å foreslå kandidater*».

Meldesak 2) Høyringsutkast til regional plan for kultur

Utkast til regional plan for kultur har vore lagt ut til offentleg ettersyn der høyringsfristen var 1. september.

Fylkesrådet for eldre har sendt inn fylgjande uttale:

«Fylkesrådet for eldre er positive til høyringsutkastet. Vi ser at de har teke med omtale om dei eldre på fleire stader i planen; samfunnet skal legge til rette for universell utforming på alle områder (inkludert reisetilbod) og den kulturelle spaserstokken er omtalt.

Vi skulle ynskje at de kunne ha omtalt seniordans, sidan har inntrykk av at dette er ein stor aktivitet for dei eldre».

Meldesak 3) Fråsegn frå Gaular eldreråd om postordning

Rådet i Gaular meiner at ei tenleg postordning er ein grunnleggjande del av infrastrukturen i eit velfungerande samfunn. Dei distrikta som er avhengige av fungerande postgang og ikkje har andre alternativ, må sikrast postombering fem gonger i veka. Heile fråsegna frå Gaular er lagt ved.

Meldesak 4) Uttalar frå landkonferansen 2018 i Tromsø

Uttalane er lagt ved.

Meldesak 5) Regional plan for klimaomstilling

Sogn og Fjordane fylkeskommune takkar for høyringsinnspel til regional plan for klimaomstilling. Det kom inn totalt 31 innspel i samband med høyringa. Med bakgrunn i innspela er det gjort nokre endringar i plandokumentet for å ta omsyn til innkomne innspel. Alle innspela var summert opp i eit eige dokument som vart handsama i Fylkesutvalet 31. mai (FU-sak 58/18) og i Fylkestinget 12. juni (FT-sak 26/18). Sjå vedlegg for utfyllande informasjon.

Meldesak 6) Referat frå regionsamlinga for eldreråda i Sogn 29. mai 2018

Referatet er lagt ved.

Meldesak 7) Informasjon frå leiar

Leiar informerer om møte i Sogndal 28. mai, der eldreråda i Sogndal, Balestrand og Leikanger var til stades, og informasjon frå møte på Skei 14. juni med folkehelsekoordinatorane i fylket.

Meldesak 7) Ymse

Oppsummering frå Vestlandskonferansen 7. – 8. mai 2018.